

VEDTEKTER FOR PREG BARNEHAGER VATNE

1. **Eigar**

Norsk Luthersk Misjonssamband (NLM) eig og driv

Preg barnehager Vatne gjennom Preg barnehager AS.

Styret for aksjeselskapet er ansvarleg organ for barnehagen og det organet som representerer eigaren. Eigar kan ikkje hente utbytte frå barnehagedrifta.

2. **Formål**

a) Formålsparagraf etter barnehagelova

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ta vare på dei behova som barna har for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

Barna skal få utfalde skaparglede, undring og utforskartrong. Dei skal lære å ta vare på seg sjølve, kvarandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggjande kunnskapar og ferdigheiter. Dei skal ha rett til medverknad tilpassa alder og føresetnader. Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne eigenverdien til barndommen. Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og vere ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremje demokrati og likestilling og motarbeide alle formar for diskriminering.

b) Eigaren sitt formål for barnehagen

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen gi barna kristen oppseding i eit godt og trygt miljø. Arbeidet med leik, læring og sosial kompetanse skal samla bidra til allsidig utvikling. Våre verdiar skal vise ansvar og omsorg for menneske rundt oss, lokalt, nasjonalt og globalt.

3. **Forvaltning av barnehagen**

Barnehagen blir driven i samsvar med Bibelen og Den evangelisk-lutherske kyrkja si vedkjenning, lov 17. juni 2005 nr. 64 om barnehager (barnehagelova) og forskriftene til lova, rammeplan for barnehagar, og dei forskriftene og retningslinene som departementet til ei kvar tid fastset. I samsvar med barnehagelova § 1a andre ledd blir barnehagen driven med eit kristent føremål. Kristen tru, etikk og menneskesyn skal vere grunnlaget for alt som barnehagen held på med. Vedtekter og årsplanar skal bygge på same grunnvoll og vere med i grunnlaget for drifta av barnehagen.

4. **Avtale om drift**

Barnehagen er godkjent av Haram kommune 4.sep 1973 / 4.juni 2018.

Og får tilskot av Haram kommune.

5. Opptak av barn

Etter § 17 i barnehagelova skal alle godkjente barnehagar i kommunen samarbeide om opptak av barn. Kommunen skal legge til rette for ein samordna opptaksprosess, der det skal takast omsyn til mangfaldet og eigenarten til barnehagen. Ønske og behov til brukarane skal leggast stor vekt ved sjølve opptaket.

- **Opptaksmakt**

Dagleg leiar er ansvarleg for opptak av barn i barnehagen.

- **Opptakskrets**

Barn frå heile kommunen kan søkje om opptak i barnehagen. Dersom barnehagen har ledige plassar etter at samordna opptak er gjennomført, kan barn frå andre kommunar søkje om opptak.

- **Opptakskriterium**

Ved opptak blir barn prioritert slik:

- a) Barn med nedsett funksjonsevne, i samsvar med § 18 i barnehagelova, og barn som det er fatta vedtak om etter lov 17.juli 1992 nr 100 om barnevernstenester (barnevernsløva) §§ 4-12 og 4-4, andre og fjerde ledd.
 - b) Søsken av barn som har plass i barnehagen.
 - c) Barn til tilsette.
 - d) Omsyn til alderssamansetninga til barna og sikre forsvarleg drift.
- Står to søknader likt, vil opptak skje etter søknadsdato.

- **Opptakslengde**

Tilbod om barnehageplass gjeld frå opptaksdato, gitt i brev med tilbod om barnehageplass, og fram til skulepliktig alder.

- **Opptakstidspunkt og oppseiing**

Opptak av barn kan gjerast heile året, men hovudsakleg ved samordna opptaksprosess. Dagleg leiar kan, etter skriftleg søknad, tilby barnehageplass utanom hovudopptak.

Oppseiing skal vere skriftleg. Gjensidig oppseiingstid av barnehageplass er to månader, rekna frå 1. dag i månaden etter at oppseiinga er mottatt. Oppseiing frå barnehagen si side krev sakleg grunn. Oppseiingstida gjeld også for barn som det er takka ja til plass for, men der foreldre/føresette ombestemmer seg.

- **Klage**

Ved hovudopptak kan søkjar klage over avslag på søknad om barnehageplass og på avslag om å få sitt første eller andre ønske oppfylt.

Utanom hovudopptak kan berre søkjarar til barnehagen med lovfesta rett til prioritet etter barnehagelova § 18 klage dersom dei ikkje får plass (sjå 'Opptakskriterium', pkt a).

Alle klager må gjerast skriftleg til kommunen. Ein må nemne kva vedtak det blir klaga over og kva grunnar som klagen støttar seg til.

Reglane for klagetilgang står i Forskrift om saksbehandlingsreglar ved opptak i barnehage, forskrift 2005-12-16 nr. 1477.

6. Foreldrebetaling

§ 19 i barnehagelova pliktar offentlege styresmakter å behandle alle godkjente barnehagar likeverdig i forhold til offentlege tilskot. Så lenge stat og

kommune følgjer denne paragrafen i barnehagelova, vil barnehagen følgje staten sine vedtak om storleiken på foreldrebetalinga.

7. Misleghald

Dersom betaling for barnehageplass ikkje er mottatt i løpet av den månaden betalinga gjeld for, vil foreldre/ føresette få ein purreinkasso. Blir heller ikkje denne betalt innan 14 dagar, går saka til inkasso.

Ved gjentatt misleghald har barnehagen rett til å seie opp barnehageplassen. Dersom foreldre/føresette skuldar foreldrebetaling for meir enn ein måned, har barnehagen rett til å seie opp barnehageplassen. Dette gjeld også når barn gong etter gong blir henta etter at avtalt opphaldstid er overskriden.

8. Arealutnytting

Barnehagen har eit samla leike- og opphaldsareal på 372,5 m². Norma for barnehagen si arealutnytting er på 5,3 m² pr barn under 3 år, og 4 m² pr barn over 3 år.

9. Opningstider/ ferieordning

Barnehagen blir driven som heildagsbarnehage og er for barn i alderen 0 - 6 år. Opningstida er frå kl. 07.00 til kl. 16.30 måndag – fredag. Barnehagen er stengt i følgjande periodar: 2 veker i juli, Juleferie f.o.m 24.des t.o.m.1.jan og Påskeferie f.o.m. palmehelga til og med 2. påskedag. I løpet av året er barnehagen i tillegg stengt fem kurs- og planleggingsdagar.

Barn skal ha fire veker ferie i løpet av eit barnehageår; tre veker skal vere samanhengande. Desse bør takast i tidsrommet juni-august.

10. Foreldreråd

Etter § 4 i barnehagelova skal barnehagen ha eit foreldreråd som består av alle foreldre/ føresette til barna i barnehagen. Foreldrerådet skal fremje deira fellesinteresser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skaper eit godt barnehagemiljø. Foreldrerådet skal også ta initiativ til dugnader i barnehagen og hjelpe til med å gjennomføre desse. Foreldrerådet vel sjølv leiar og sekretær. Foreldrerådet vel 2 foreldrerepresentantar til SU.

11. Samarbeidsutval

I samsvar med § 4 i barnehagelova skal barnehagen ha eit samarbeidsutval (SU) som skal vere eit rådgivande, kontaktskapande og samordnande organ. Det består av foreldre/ føresette og tilsette i barnehagen, slik at kvar gruppe har to representantar. Dersom barnehagen har meir enn to avdelingar, kan antal representantar frå desse to gruppene aukast. Eigar vel to representantar til SU, men ikkje med fleire representantar enn kvar av dei andre gruppene. Eigar vel sine representantar for to år, dei andre for eit år.

Dagleg leiar i barnehagen er sekretær i samarbeidsutvalet, førebur sakene, set opp sakliste og kallar inn til møte i samråd med leiar i SU.

Regionleiar, eller den regionstyret har valt, har møte- og talerett i SU.

Samarbeidsutvalet skal bli førelagt saker, og har rett til å uttale seg i saker som er viktige for barnehagen sitt innhald, verksemd og forholdet til foreldra. Det skal ha

informasjon om budsjett og rekneskap. Saker som gjeld tilsettingar, opptak av barn og liknande skal ikkje behandlast av samarbeidsutvalet.

12. Dugnad

Foreldre/ føresette som takkar ja barnehageplass, pliktar seg til å vere med på inntil 3 timer dugnad pr. barnehageår, arrangert av barnehagen og samarbeidsutvalet. Samarbeidsutvalet fastset tal på dugnadstimar. Dersom pliktig dugnad ikkje blir gjennomført, skal foreldre/ føresette betale ekstra foreldrebetaling pr. misleghalde dugnadstime, fastsett av samarbeidsutvalet.

13. Eigarstyret

Eigar utnemner eit eigarstyre for barnehagen. Eigarstyret skal vere eigar sitt lokale organ som hjelper dagleg leiar med oppgåver i samsvar med instruks for eigarstyret.

14. Internkontroll

Barnehagen har internkontrollsystem etter krava i barnehagelova § 9. Barnehagen brukar PBL Mentor HMS som HMS-system.

15. Ansvar

Barnehagen teiknar ulykkesforsikring for barn som har fått plass i barnehagen. Forsikringa dekkjer barnet 24 timer i døgnet gjennom heile året.

16. Iverksetting

Vedtektene for Preg barnehager Vatne AS

gjeld frå 21.06. 2024.

Godkjent av eigarstyret for Preg barnehager Vatne AS 20.06.2024.